



Skriv inn t.d. Statsråden.

Utenriks- og forsvarskomiteen

Dykkar ref

Vår ref

Dato

25/02199-3

05.05.2025

Svar på Representantforslag 267 S om å gjera Noreg tryggare

Eg viser til brev av 10. april 2025 om Dokument 8: 267 S (2024-2025) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Ingrid Fiskaa, Torgeir Knag Fylkesnes, Kathy Lie og Marian Hussein om å gjera Noreg tryggare.

Forslag 1:

Lov om Etterretningstenesta fastslår at tenesta skal være under nasjonal kontroll. Samstundes skal det sikrast nasjonal kontroll med kva informasjon som gjerast kjent for utanlandske samarbeidspartnarar. Etablering av samarbeid og avtaler med utanlandske tenester eller internasjonale organisasjonar avgjerast av Forsvarsdepartementet, som varetek styring og kontroll med Etterretningstenesta. Etterretningstenesta er ein del av det norske Forsvaret, og er finansiert over statsbudsjettet Prop. 1 S (2024–2025) under Forsvarsdepartementet. Økonomi- og verksemdsstyring blir ivareteke gjennom Koordineringsutvalet for Etterretningstenesta der Riksrevisjonen er representert. Det stortingsoppnemnde EOS-utvalet kontrollerer dei hemmelege tenestene på vegner av samfunnet. EOS-utvalet er oppretta nettopp for dette føremålet og har ekspertisen, kompetansen og heimelsgrunnlaget for det.

Forslag 2:

Dei seinare åra har Noreg prioritert tettare band og samarbeid med fleire nære allierte, i tråd med forsvarskonseptet som omfattar alliert samarbeid og kollektiv avskrekking og forsvarsevne i ramma av NATO. Alliert samarbeid omfattar mellom anna område som planverk, trening og øving, samt integrasjon av styrkar. Vi har ein høg grad av gjensidig samarbeid med USA og Storbritannia – avgjerande premissleverandørar for konvensjonell avskrekking i Nord-Europa og i Nord-Atlanteren. USA og Noreg har felles interesse av fri ferdsel i Nord-Atlanteren, og samarbeid om alliert forsterking av Norden er i tråd med NATOs planverk. Det ligg i alle allierte si interesse å

leggje til rette for amerikanske militære bidrag til europeisk tryggleik gjennom planlagde og føreseielege ordningar for mottak og nærvære.

Tilleggsavtalen mellom Noreg og USA om forsvarssamarbeid (Supplementary Defense Cooperation Agreement – SDCA) av 16. april 2021, med endringsavtale av 2. februar 2024, legg mellom anna til rette for at USA kan yte raskare og betre militær forsterking av Noreg, Europa og andre NATO-allierte. Dette har avgjerande betydning for tryggleiken til Noreg. Stortinget gav sitt samtykke til dette i 2022.

Avtalen fastset vilkår for all amerikansk militær aktivitet i Noreg og inneheld eit breitt spekter av reglar for gjennomføringa av amerikansk militær aktivitet, mellom anna inn- og utreise, jurisdiksjon og fritak frå skatt og avgifter. Avtalen er òg ein føresetnad for at USA kan investere i større militære infrastrukturprosjekt. Slik infrastruktur er i utgangspunktet til felles bruk for norske, amerikanske og andre allierte styrkar, og er viktig for at Noreg kan ta imot alliert forsterking i ei krise eller krig, og bidreg til å understøtte NATOs kollektive forsvar, noko som er ein integrert del av det norske forsvarskonseptet.

Rammene for utanlandsk militær nærvære i Noreg ligg i base-, atom- og anløpspolitikken, samt andre meir spesifikke retningslinjer. Baseerklæringa vart utforma i samband med at Noreg gjekk inn i NATO i 1949, og fastslår at Noreg ikkje vil tiltre «noka overeinskomst med andre statar som inneber forpliktingar for Noreg til å opne basar for framande makter sine stridskrefter på norsk territorium så lenge Noreg ikkje er angripen eller utsett for truslar om åtak». SDCA-avtalen er i samsvar med tidlegare praksis. Hovudspørsmålet knytt til basepolitikken er om avtalen inneber forplikting til å tillate permanent nærvær i fredstid av allierte stridskrefter, og dernest om føremålet er noko anna enn førebuingar til forsvar av Noreg og NATO, inkludert mottak av allierte forsterkingar. Svaret på begge spørsmåla er nei. SDCA er dermed ikkje ei avtale som legg til rette for USA-basar, slik stortingsrepresentantane viser til i forslaget.

Avtalen er inngått med full respekt for norsk suverenitet, norske lover og Noregs folkerettslege forpliktingar. Ho endrar ikkje den nemnde norske base-, atom- og anløpspolitikken, og heller ikkje norske avgrensingar på lagring av visse våpentypar i Noreg. Avtalen utfordrar ikkje norsk nasjonal råderett på norsk jord, slik representantforslaget gjev uttrykk for. Det vil gjere stor skade på våre tryggleikspolitiske interesser om Noreg skulle setje militære infrastrukturprosjekt under tilleggsavtalen med USA på pause og unilateralt velje å seie opp avtalen, som Stortinget gav sitt samtykke til i 2022.

Forslag 3:

Regjeringa har ei ambisjon om å auke delen materiell som blir anskaffa i samarbeid med nære allierte. Dette bidrar til å styrke interoperabilitet og konsolidere forsvarsmarknaden innanfor NATO. Avgjerder om konkrete anskaffingar blir tekne med utgangspunkt i ulike investeringsprosjekt og blir lagde fram for Stortinget i samsvar med langtidsplanen for forsvarssektoren, som eit samla Storting har stilt seg bak. I tråd med at dei europeiske allierte tek eit større ansvar for eigen tryggleik innanfor ramma av NATO, er det naturleg at samarbeidet rundt anskaffingar aukar. Ved å utestenge leverandørar frå bestemte land på førehand, blir konkurranseelementet i anskaffingsprosessen svekt. Skulle Stortinget ekskludere USA frå konkurranse om dei store anskaffingane Noreg skal gjennomføre i åra som kjem, vil det både redusere konkurransekrafta i den norske anskaffingsprosessen, samtidig som det kan svekkje det bilaterale samarbeidet mellom Noreg og USA.

Forslag 4:

Regjeringa er oppteken av å styrkje beredskapen for ombygging og oppgradering av dei våpensystema som Forsvaret tek i bruk. Det blir jobba kontinuerleg og i samsvar med langtidsplanen for å skape gode og føreseielege rammevilkår for slikt samarbeid med eksisterande og nye systemleverandørar til Noreg.

Noreg har ei rekkje system som er leverte frå USA, der det er avgjerande å nytte amerikanske leverandørar for å halde systema oppdaterte og relevante gjennom levetida. Dersom Stortinget skulle ekskludere ein viktig alliert og ein sterk forsvarsindustriell teknologibase frå kontraktar som omfattar ombygging og oppgradering, vil det redusere konkurranseelementet i anskaffingsprosessen. Det vil vidare få betydelege konsekvensar med tanke på å halde eksisterande amerikanske våpensystem relevante gjennom levetida. Det vil også svekkje det bilaterale samarbeidet mellom Noreg og USA på ei rekkje område.

Forslag 5:

Seglasen til Indo-Stillehavet gir verdifulle moglegheiter til å operere saman med våre næraste og viktigaste allierte. Bidrag til integrerte hangarskipoperasjonar er ein del av konseptet for forsvaret av Noreg. Erfaringane og kompetansen vi byggjer gjennom deltakinga i denne seglasen styrker forsvarsevna vår, òg i norske nærområde. Deltakinga er ei viktig og relevant investering i vår nasjonale tryggleik. I perioden fartøyet er borte, vil vi framleis ivareta beredskapen i eigne nærområde. Forsvaret vil oppretthalde nærvære og situasjonsforståing i våre nærområde i perioden seglasen går føre seg, òg saman med våre allierte.

Forslag 6:

Eg meiner utviklinga i Forsvarets utdanningssystem er godt ivareteken gjennom det pågåande arbeidet med å auke kapasiteten i det militære utdanningssystemet og rette det inn mot både noverande og framtidige kompetansebehov. Til dømes er det planlagt å auke talet på studieplassar, men utviklingstakta må sjåast i samanheng med tilgangen på undervisarar og instruktørar, samt kapasiteten i undervisningsrom og innkvartering. Vidare arbeider Forsvaret, i tett dialog med NOKUT, med å synleggjere og kvalitetssikre militære utdanningar gjennom akkreditering.

I arbeidet med å auke utdanningskapasiteten inngår òg oppfølginga av Stortinget sitt vedtak XI i Innst. 426 S (2023–2024) til langtidsplanen om å vurdere ulike alternativ for å auke den militære utdanningskapasiteten i Nord-Noreg. Vidareutviklinga av Forsvarets utdanningssystem må mellom anna ta opp i seg kompetanse innan teknologi og system knytte til dei omfattande materiellinvesteringane i åra som kjem. Her blir det arbeidd med ein heilskapleg strategisk plan som skal greie ut kva for utdanningar og kompetanseområde Forsvaret sjølv skal ta ansvar for, og kva som kan ivaretakast gjennom samarbeid med sivile aktørar.

Forslag 7:

Eg meiner at ei sivil beredskapsretning i førstegongstenesta i stort er ivareteken gjennom tenesteplikta i Sivilforsvaret. I Meld. St. 9 (2024-2025) om totalberedskap, har regjeringa meldt at det er ein ambisjon å auke bemanninga i Sivilforsvaret frå 8 000 tenestepliktige til 12 000, over ei åtteårsperiode. Regjeringa vil og utgreie behovet for ytterlegare vidareutvikling av Sivilforsvarets kompetanse og kapasitetar. I Prop. 87 S (2024-2025) om ny langtidsplan for forsvarssektoren, melde regjeringa at det skal innførast et digitalt kurs for alle vernepliktige i sesjonspliktig alder.

Kurset vil bli gitt til alle vernepliktige, uavhengig av om dei skal tenestegjere i Forsvaret eller ei. Det er mi meining at vi framover må prioritere å styrke dei tenestene vi har i dag, som til dømes Forsvaret og Sivilforsvaret.

Forslag 8:

Tryggingslova (lov om nasjonal tryggleik), med tilhøyrande forskrifter og rettleingar for handtering av gradert informasjon, og verksemdstryggleiksforskrifta, regulerer tryggingsgradert og skjermingsverdig informasjon.

Drift og vedlikehald av forsvarets informasjonssystem vil bli utført av forsvarets egne tilsette og eksterne i samsvar med tryggingslova og rettleingar.

Forslag 9:

Forsvarets drift, vedlikehald og lagring må sikre nasjonal datasuverenitet og motstandskraft mot hybride truslar – og det er eit krav at tryggleiksklassifiserte system er under tilstrekkeleg nasjonal kontroll. Forsvarets datasenter skal driftast under nasjonal kontroll.

Forslag 10:

Spørsmålet om vedlikehald og sikring av kritisk infrastruktur rører ved fleire sektorområde, som samferdselssektoren, energisektoren, kommunesektoren, digitaliserings- og forvaltningssektoren, og klima- og miljøsektoren. Justis- og beredskapsministeren har eit overordna ansvar for å koordinere dei ulike sektordepartementa sine bidrag til totalforsvaret på sivil side.

Forsvarsministeren har ansvar for at militære behov for støtte frå sivile verksemdar blir formidla tydeleg til dei departementa og verksemdene som vert råka, slik at desse kan sikre effektiv beredskap og støtte til norske og allierte styrkar i krise og krig.

Det er allereie ein god dialog både på departements- og verksemdsnivå på område som gjeld totalforsvaret, t.d. i arbeidet med Nasjonal Transportplan. Dette samarbeidet blir no ytterlegare forsterka, gjennom mellom anna eit nytt rammeverk for samhandling om militære behov for transportinfrastruktur. Forsvarsministeren er i gang med å etablere faste rutinar som gjer at estimerte militære behov for sivil støtte blir formidla så konkret som mogleg til alle departement som har sektoransvar i totalforsvaret.

Forslag 11:

I langtidsplanen for Forsvaret bidrar regjeringa til regional robustheit i nord ved at Forsvarets forskingsinstitutt (FFI) etablerer ein teknologi- og kunnskapsintensiv satsing i Nord-Noreg. I samsvar med gjeldande forsvarsindustriell strategi oppfordrar regjeringa til vidare utvikling av næringsklynger innanfor totalforsvarsrammeverket. Satsinga skal gi ringverknader for kompetanseutvikling og næringsutvikling i regionen og er eit pågåande arbeid.

Forslag 12:

Med Finland og Sverige i NATO har vi gått inn i ein ny epoke for nordisk forsvars- og tryggleikspolitikk. Alle dei nordiske landa er gjennom Atlanterhavspaktens artikkel 5 folkerettsleg forplikta til gjensidig støtte i krise og krig. Innanfor ramma av NATO samarbeider dei nordiske landa no vesentleg tettare om forsvaret av Norden – bilateralt, trilateralt og innanfor strukturen Nordic Defence Cooperation (NORDEFCO). Eit nytt ambisjonsnivå for dette samarbeidet er vedteke (NORDEFCO Vision 2030). Noreg og dei andre nordiske landa er likevel avhengige av resten av NATO og tryggleiksgarantien i artikkel 5 for å kunne forsvare oss i krise og krig.

Forslag 13:

Framlegget om eit styrkt praktisk samarbeid med nordiske, baltiske og nord-europeiske land om øving og trening, produksjon av forsvarsmateriell, forsyningslinjer og forsvarsplanlegging er legitimt og viktig. Med Finland og Sverige som allierte er vi traktatfesta til gjensidig støtte i krise og krig innanfor ramma av NATOs kollektive tryggleiksgaranti. Ei slik folkerettsleg forplikting gir auka føreseielegheit og relevans i det nordiske, nordisk-baltiske (NB8) og nord-europeiske forsvarssamarbeidet.

I denne samanhengen har regjeringa alt sett i gang arbeid for å belyse ulike aspekt som følgjer av dette for forsvaret av Nord-Europa. I samsvar med NATOs operasjonsplanlegging er det alt etablert eit nordisk forsvarskonsept med grunnlag i intensjonsavtalene mellom høvesvis Noreg, Finland og Sverige (2020) og Noreg, Danmark og Sverige (2021), og det er tett dialog med andre nord-europeiske allierte om dette.

Dei nordiske landa, dei baltiske landa, Nederland og Storbritannia samarbeider òg gjennom den britiske Joint Expeditionary Force (JEF). Samarbeidet har som mål å kunne stille styrkar for å respondere raskt på kriser, og å utfylle NATO og europeisk tryggleik.

Møteforumet Northern Group, som blei etablert av Storbritannia og Noreg i 2012, har òg fått fornya relevans for tryggleikspolitisk samarbeid og dialog mellom Danmark, Estland, Finland, Island, Latvia, Litauen, Nederland, Noreg, Polen, Storbritannia, Sverige og Tyskland.

Forslag 14:

Dei nordiske landa har gjennom fleire år hatt eit nært samarbeid både på sivil og militær side om sikkerheit og beredskap, blant anna gjennom NORDEFECO og Nordic-Baltic Eight (NB8). Det nordiske samarbeidet er ytterlegare aktualisert med svensk og finsk NATO-medlemskap. På militær side er det alt innleidd eit tett samarbeid. Det er blant anna inngått avtalar om krisehandel og forsyningssamarbeid mellom Noreg, Finland og Sverige. Regjeringa har ikkje sett behov for eit felles nordisk totalforsvarskonsept, fordi samarbeidet fungerer godt og utviklar seg innanfor ramma av allereie etablerte samarbeidsarenaer.

Forslag 15:

Det har over mange år gradvis utvikla seg eit omfattande forsvarssamarbeid mellom alle dei nordiske landa, særleg innanfor ramma av NORDEFECO. Svensk og finsk medlemskap i NATO medverkar til at det nære operative militære samarbeidet mellom særleg Noreg, Sverige og Finland no kan utdjupast ytterlegare, og få ein meir omfattande og forplikande karakter. Dei tre landa er, innanfor ramma av alliansesamarbeidet, godt i gang med å intensivere det konkrete samarbeidet på ei rekkje område. Dette gjeld mellom anna forflytting av styrkar og materiell på tvers av grensene i Norden. Både infrastruktur og regelverk knytt til mellom anna toll står på dagsorden.

Det pågår eit nært samarbeid mellom samferdselssektorane for å sikre at det ved behov kan skje ei mest mogleg smidig forflytting av militært personell og materiell på veg og bane mellom landa. Vidare er det, med same føremål, dialog mellom dei tre landa om harmonisering av regelverk knytt til toll og import av matvarer. Dette er særleg aktuelt som del av arbeidet med å utvikle ein strategisk transportkorridor i Nord-Norden, som er eit oppfølgingstiltak etter møtet mellom den svenske og norske statsministeren og den finske presidenten i Bodø i mai i fjor. Dette arbeidet omfattar fleire samfunnssektorar i dei tre landa og involverer difor fleire statsrådar og departement.

Forslag 16:

Noreg sitt mål er ei verd fri for kjernevåpen. Noreg bidrog aktivt til å få denne målsetjinga inn i NATOs strategiske konsept i 2010. Einsidig nedrusting frå NATOs side vil likevel ikkje gjere verda tryggare. Så lenge Russland har kjernevåpen, må NATO ha ein truverdig kjernefysisk avskrekkingsevne. Truslane frå Russland om bruk av kjernevåpen understrekar dette. Alle nordiske land er del av NATO, og støttar fullt opp om NATOs strategiske konsept frå 2022. Washington-toppmøtet i 2024 stadfesta dette. Det grunnleggjande føremålet med NATOs avskrekkingsevne er å sikre fred, hindre tvang og avskrekke aggresjon.

Det er samrøystes politisk semje om «ingen atomvåpen på norsk jord i fredstid», men ei avtale om Norden som kjernevåpenfri sone vil vere i strid med våre allianseforpliktingar.

Den globale nedrustings- og ikkje-spreiingsarkitekturen er under sterkt press. I ei spent geopolitisk situasjon blir avskrekkingsevne stadig meir vektlagt. Det fører til eit rustningspress. Det felles ønsket om nedrusting kjem i skuggen. Auka frykt for brot på konvensjonar trugar oppslutninga om felles normer og reglar. Desinformasjon, obstruksjonisme og opne brot på konvensjonar undergrev tilliten til desse regima.

Russland bryt, undergrev og svekkjer konvensjonar på mange område. Dette er svært alvorleg. Gjennom si brutale krigføring i Ukraina har Russland truga med bruk av kjernevåpen og trekt tilbake si ratifikasjon av Prøvestansavtalen. Dei har òg suspendert si deltaking i New START – den siste bilaterale avtalen om kjernefysisk rustningskontroll med USA.

Russland har brukt kjemiske våpen på slagmarka i Ukraina – (Ukraina har rapportert over 6000 tilfelle) – brot på kjemivåpenkonvensjonen er uakseptabelt. Russland fører òg desinformasjonskampanjar om biologiske våpen retta mot Ukraina og USA. Kina rustar kraftig opp sine lager av kjernevåpen, Iran held fram med å høganrike uran, og Nord-Korea utviklar vidare sitt program for kjernevåpen og leveringsmidlar. Oppsummert: Det er konflikt og tillitskrise.

Det er avgjerande for Noreg å styrkje innsatsen for å bevare dei multilaterale regima vi har. Vi må samarbeide tett med allierte og likesinna for nedrusting. Samstundes må vi sikre at vi og våre allierte har ein truverdig avskrekkingsevne. Ikkjespreiingsavtalen (NPT) er den viktigaste avtalen for å fremje kjernefysisk nedrusting, ikkje-spreiing og fredeleg bruk. NPT har bidrege til global tryggleik i 55 år. Noreg må halde fram innsatsen med å bevare og styrkje NPT. Det same gjeld Prøvestansavtalen, Kjemivåpenkonvensjonen og Biologivåpenkonvensjonen.

Forslag 17:

Nordområda er Noregs viktigaste strategiske interesseområde. Regjeringa sitt mål er å bidra til føreseielegheit og stabilitet i nordområda, inkludert på Svalbard. I forholdet til Russland har evna vår til å kombinere avskrekking, tryggleiksskapande tiltak, føreseielegheit og langsiktigheit skapt viktige bidrag til regional stabilitet. Dette vil regjeringa halde fram med.

Noregs suverenitet over Svalbard er ikkje omstridd. Noreg har i utgangspunktet full råderett i kraft av denne suvereniteten. Artikkel 9 i Svalbardtraktaten set samstundes visse avgrensingar, særleg når det gjeld å opprette – eller tillate oppretta – flåtebasar eller befestningar, eller å bruke Svalbard i krigsøyemed. Artikkel 9 er samstundes ikkje eit forbod mot all militær aktivitet. Besøk av norske militære fartøy, fly eller personell er ikkje i strid med traktaten og er i tråd med

langvarig praksis. Det er til dømes naturleg med hyppige anløp frå Kystvakta sine fartøy, sett i lys av dei oppgåvene Kystvakta har i farvatna ved Svalbard.

Øygruppa er norsk territorium og ein integrert del av Noreg, og Forsvaret har eit ansvar for å ivareta tryggleiken også der. Det er viktig at norsk suverenitet vert handheva på ein konsekvent og fast måte. Øygruppa er omfatta av Atlanterhavspakta sine føresegner, inkludert artikkel 5 om kollektivt forsvar. Noreg kan både åleine og i fellesskap setje i verk forsvarstiltak i krig eller ved trugsmål om krig. I utføringa av dette ansvaret vil regjeringa leggje vekt på korrekt etterleving av traktaten, og vidareføre ein restriktiv praksis knytt til norsk militær verksemd på Svalbard.

Forslag 18:

Det er norske styresmakter som til ei kvar tid avgjer omfanget og arten av alliert militær aktivitet på norsk territorium. Noreg har i fleire tiår hatt einseitig fastsette retningslinjer for utanlandsk militær aktivitet i Noreg, med føremål om å sikre stabilitet, føreseielegheit og lågast mogleg spenning, særleg i nord – samstundes som behovet for avskrekking gjennom tilstrekkeleg alliert nærvære blir teke vare på. Dette er i samsvar med etablert norsk tryggingsspolitikk og har brei politisk støtte. Retningslinjene har vorte justerte fleire gonger med mål om å tilpassast den tryggingsspolitiske utviklinga både i våre nærområde og meir generelt. Deler av retningslinjene omhandlar utanlandsk militær aktivitet i Finnmark, særleg i den austlege delen av fylket. Spørsmål om gjennomføring av alliert aktivitet i visse delar av Finnmark blir vanlegvis avgjorde av Forsvarsdepartementet, på grunnlag av ei heilskapleg vurdering.

Generelt:

Dokumentforslaget legg til grunn at tryggleiksgarantien frå USA er borte, og at USA blir styrt av eit autoritært ytre høgre som har meir til felles med Putins Russland enn med demokratiske land. Dette er ikkje regjeringa sitt syn.

Ei truverdig og kollektiv tryggleiksgaranti gjennom NATO er avgjerande for Noreg. Nære band til allierte i Norden og Nord-Europa gir Noreg vern. USA er samstundes vår viktigaste allierte, og samarbeidet vårt byggjer på felles tryggleiksbehov. Eit truverdig forsvar av Noreg er avhengig av støtte og forsterking frå USA. Tryggleikssamarbeidet mellom landa våre skal utviklast med utgangspunkt i varige amerikanske og norske interesser. Noreg er nabo til russiske strategiske kjernevåpenstyrkar og atomubåtar, som USA må ha kontroll med for å ivareta eiga tryggleik. Regjeringa vil difor bidra til amerikansk nærvær og forståing for utviklinga i vår region.

Ein del av forslaga er, som nemnd, allereie tekne vare på gjennom gjeldande lovgiving og praksis. Dei andre forslaga har eg gitt mi vurdering av i brevet. Eg rår derfor Stortinget med dette som bakgrunn frå å vedta representantforslaget

Tore Sandvik

Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskriven signatur.